



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen.

Ikkje møtt: Hans Erik Waage.

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug - sekretær*

Saksoversikt: F 10/23 – 12/23

F 10/23	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 09.03.2023
Vedlegg	Møteboka frå 09.03.2023 Innkallinga til møtet 09.05.2023
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 11/23	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Vallokale kyrkjevalet – endeleg plassering. Soknet får tilbod om handarbeidssalen på Fedje skule.• Kontorsituasjonen – status (Vi har fått varierende tilbakemeldingar frå kommunedirektøren på korvidt vi blir tilbydd kontor i det som vert dei nye lokala i Hjartebanken. Først fekk vi tilbod om 1 fast kontor og 1 kontor på deling med andre. Så vart dette redusert til 1 fleksibelt kontor. Dette sende vi inn ein protest på. Kommunedirektøren gjekk då tilbake på avgjerda og gav oss tilbod på 1 fast kontor og 1 kontor på deling. Samstundes har vi fått melding om at vi må ut om kommunen har behov for det faste kontoret).



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

F 12/23	DRØFTINGSSAK – REFUSJON AV KREMASJONSAVGIFT
	<p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>AU hadde dette oppe som ei døftingssak på sist møte. Det vart vist til erfaringar frå Austrheim. Austrheim Sokn er det einaste i soknet i prostiet som til no har praktisert refusjon av kremasjonsavgifta. Grunngevinga for dette har vore at ein på Austrheim gravplass har behov for å dempa presset på arealet og vri gravleggingspraksisen over frå kistegravlegging til urnegravlegging. Erfaringane som er gjort på Austrheim, er at 50% av alle gravleggingane i 2022 skjedde i form av urner. Dette er ein markert auke i forhold til tidlegare år. At dette har tatt av på Austrheim er nok ein kombinasjon av at byråa «marknadsfører» denne ordninga til kundane sine og at det på generelt grunnlag er blitt slik at bisetjing og urnegravlegging har blitt meir vanleg i befolkninga. For Austrheim sin del er det slik at om denne nye praksisen held fram, vil vi kunna avlysa planane for utviding av gravplassen på Austrheim. Dette har også kommunen tatt inn over seg, og for inneverande år har vi fått utvida rammetilskotet vi får frå kommunen, nettopp fordi vi skal få kompensert for meirutgiftene ved denne ordninga. Kvar kremasjon kostar no litt i overkant av 5000,-.</p> <p>Soknerådet vert no invitert med på ei drøfting om dette er ei ordning som Fedje sokn også bør innføra eller ikkje. Om ein ser på situasjonen på Austrheim, så er samanlikningsgrunnlaget ulikt. På Fedje er ein no i gang med utviding av gravplassen i Bøgardsvika. Dette vil auka kapasiteten med nye kistegraver betydeleg i tillegg til at det no også vert lagt til rette for eit felt som vert definert som ein namna minnelund. Her vil det bli lagt til rette for urnegravlegging. Vidare vil soknet som gravplassmyndigheit også gå ut med orientering om at det er mogeleg å bruka den gamle gravplassen rundt kyrkja til urnegravlegging.</p> <p>Spørsmålet då vil handla om det er behov for ei slik refusjonsordning for å bidra til auka bruk av urnegravlegging.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Saka vert lagt fram til drøfting utan fralegg til vedtak.</i></p>
Vedtak:	Soknerådet går inn for å halda fram med den ordninga vi har i dag.

F 13/23	EVENTUELT
	<ul style="list-style-type: none">• <i>Fest for konfirmantane med føresette.</i> 24. mai kl. 18.00 i løa til Linda og Jostein. Påmelding!



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Turid Moldøen.

Ikkje møtt: Hans Erik Waage.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 07/23 – S 09/23

S 07/23	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 09.03.2023
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 09.03.2023 Innkallinga til møtet 09.05.2023
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 08/23	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Ny sokneprest: Stein Hugo Fykse er ny sokneprest for Austrheim og Fedje sokn.• Avslutningsgudstenesta for Rune Minde 4. juni.

S 09/23	GODKJENNING AV LISTA TIL SOKNERÅDSVALET – STADFESTING AV VEDTAK I AU
	<p><u>Bakgrunn:</u> Nominasjonsnemda er no ferdige med sitt arbeid og har levert ei liste på 10 namn i prioritert rekkefølge. Nemda har jobba hardt for å få fleire namn til lista, men det lot seg ikkje gjera. Sidan soknerådet har 6 faste medlemmer og 4 varamedlemmer er 10 namn akkurat nok til å stilla med ei liste. Dermed unngår ein ein ekstra runde med supplerande nominasjon.</p> <p>Tidsfristane ifølgje regelverket er at lista skal offentleggjerast innan 2. mai. Difor har AU hatt lista til vurdering på sitt møte og har kome</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>fram til at ein vil godkjenna lista slik nominasjonsnemda har foreslått den. AU ber difor om soknerådet si stadfesting av denne godkjenninga. Sidan soknerådsmøtet er 1 veke etter siste frist for offentleggjering vert det gjort på denne måten.</p> <p>Valet vil kunna påvirka rekkefølga på lista, sidan det er mogeleg å kryssa av (gje ekstrastemme) til inntil 3 personar. Stryking er ikkje tillate.</p> <p>Dette er lista (som også er lagt ut på Fedjekyrkja sine heimesider) i prioritert rekkefølge:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Tone Karin Sævi f. 19562. Odd-Arild Torstensen f. 19763. Monica Thomassen Waage f. 19714. Frøydis Rognsvåg Hansen f. 19645. Stine Waage f. 19846. Martin Karlsen f. 19867. Hilde Koppen f. 19728. Laila Byrkjeland Husa f. 19749. Oddvar Asbjørn Nilsen Husa f. 194310. Elisabeth Pedersen Husa f. 1960 <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje sokneråd stadfester godkjenning av vallista til nytt sokneråd slik den ligg føre, i tråd med nominasjonsnemda si innstilling og AU si godkjenning av denne.</i></p>
Vedtak:	Fedje sokneråd stadfester godkjenning av vallista til nytt sokneråd slik den ligg føre, i tråd med nominasjonsnemda si innstilling og AU si godkjenning av denne.

F 10/23	EVENTUELT
	<ul style="list-style-type: none">• Gudstenestelista haust 2023 Gudstenestelista vart godkjent slik den blei lagt fram.• Avslutningsgudsteneste for soknepresten 4. juni Soknerådet møtes i Fiskarheimen lørdag 3. juni kl. 10.00 til forberedelser, betasuppe til 60 personar, bestille kaker, Tone lager glutenfri kake. Blomer frå naturen eller kjøpe? Hans Erik spille/synge? Invitere Ole Henrik med og?• Sommaropen kyrkje Open kyrkje veke 26 - 32. Veker blei starta fordelt i møte. Annonsering i sommarplakaten for Nordhordland med enkel tekst: «Open kyrkje i juli». Meir detaljert plakat blir laga for lokalt oppslag.